

**VEDLEGG 1: GJENNOMGANG MED KOMMENTARAR TIL KONSESJONSSØKNAD, GRØDALEN KRAFTVERK. SAK 200905221.**

I konsesjonssøknaden er det skrive "Grøddalen" om vassdraget og dalføret. I dette dokumentet vert det nytta lokal skrivemåte, som er "Grødalen".

Det vert vist til vedlegg i den vidare teksten. Det er då snakk om vedlegga til konsesjonssøknaden.

**Samandrag**

I samandraget, side 3 i konsesjonssøknaden, kan ein lesa ei omtale og ei tilråding av prosjektet. Opplysingar om tiltaket og vurderingar av inngrepa kjem om ein annan, og det er ei rekkje formuleringar som gir grunn til å reagere.

Ei av desse kjem i tredje avsnittet: "Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt". Slik det vil gå fram i dette dokumentet, er det lite som vitnar om at konfliktnivået er så lågt som ein vil ha det til her. I staden får dette ein til å undrast i kva grad det er gjort gode nok undersøkingar av ei rekkje forhold knytt til friluftsliv, kulturminne, naboar, og eigedomsforhold.

I femte avsnittet vert tiltaket sin verknad for landskapet i området oppsummert: "Landskapet og det biologiske mangfaldet i influensområdet er av triviell karakter". Det vert ikkje forklart kva som er meint med «triviell karakter». Ordbruken rimar dårleg med det ein kan lesa eit stykke ut i søknaden, der det vert vist til at tiltaksområdet rører ved både INON- og FINK-område.

Fjerde avsnittet gjer greie for visuell verknad i landskapet. Det vert vist til at røyrtraseen ikkje vil bli «særleg synleg» i landskapsbiletet, og at kraftverk og inntak ikkje vil vere synleg frå hytter og turløyper. Denne formuleringa er òg diskutabel. Inntaksmagasin og øvre del av røyrtrasé vil vere synleg frå Brekkestølsbrotet, og elles langs stiar på både sider av vassdraget frå Beintfram/Dansemyr og opp til Grødalen. Jfr. elles omtale av punkt 1.4. Siste setning i same avsnittet «Tiltaket vurderes å ha liten verknad på landskap og friluftsliv» er svært diskutabel. Samanlikna med 0-alternativet vil tiltaket føre til vesentleg verknad for landskap og friluftsliv, jfr. omtale av del 3 «Verknad for miljø, naturressursar og samfunn».

I sjuande avsnittet gjer Haugaland Kraft greie for avtalar som er inngått i samband med utbygging. Dette gjeld «alle nødvendige rettar med rettshavarar til planlagt utbygd elvestrekning, ny veg og ny 12,5 kV tilknytingslinje». I neste avsnitt følgjer ei liste over involverte partar, oppført med gnr./bnr. Denne lista samsvarar ikkje med oversikt over involverte grunneigarar og rettshavarar, jfr. vedlegg 6 i konsesjonssøknaden. Slik det går fram av kartskisser (både for alternativ 1 og alternativ 2) vil plantiltaket involvere partane etter lista i samandraget, og oversikten i vedlegg 6 burde slik vore utvida med gnr./bnr. 22/1, 23/1, 24/2, 25/4 og 26/2. Det vert såleis uklart i kva grad Haugaland Kraft har «alle nødvendige rettar» på plass, då ikkje alle partane er ført opp i vedlegg 6.

## 1 Innleiing – om situasjon og tiltak

Del 1 tek føre seg situasjon og ein kort omtale av tiltaket.

Under punkt 1.4 «Dagens situasjon og noverande inngrep» kan ein lesa følgjande: “Pga. at området er skogkledd er det lite innsyn til Grøddalselva frå vanlege ferdselsveggar i området”. Det er rett at Grøddalselva er lite viseleg i området frå Skeivane og opp til Beintfram, om ein ferdest langs vegen. Frå Brekkestølsbrotet er vassdraget meir synleg, og frå like så. Dette går fram av første bilete i konsesjonssøknaden vedlegg 4. Vidare bør ein òg nemna i kva grad tiltaket vil vere synleg frå andre viktige punkt i landskapet. Nordstøldalen er eit viktig område for friluftsliv, og nutane er populære turmål: Hovlandsnuten, Brekkestølsnuten, Nordreskorsnuten og Nystølsheia. På turen opp til desse toppane, i tillegg til sjølve toppunktet, vil tiltaket vere synleg.

Det vert elles vist til eit “lite hyttefelt kalla Beintfram” (konsesjonssøknaden, s. 8). Beintfram er stølsområde for Fosstveitgardane. Det vil såleis ikkje vere rett å kalla området eit “hyttefelt”.

## 2 Omtale av tiltaket

Del 2 går vidare i omtalen av tiltaket. Dei ulike inngrepa i tiltaket får eigen omtale: Inntak, rørygate, vegar, kraftstasjon, nettilknytning, arealforhold og eigedomsforhold.

Under avsnitt om rørygate kan ein lesa at det er planlagt «naturleg attgroing for heile røyrtraseen». Attgroing i snaufjell og høgtliggjande område tek erfaringsmessig svært lang tid. Det er såleis lite truleg at røyrtraseen berre «de første årene» vil visa i landskapet, slik det vert formulert under punkt 2.4, side 28 i konsesjonssøknaden.

I eige avsnitt om kraftstasjonen står følgjande: «Det vil ved materialval, fargeval og bygningsutforming bli lagt stor vekt på at utforminga av kraftstasjonen vert tilpassas lokal byggeskikk. Kraftstasjonsbygninga får ein storleik på om lag 100 m<sup>2</sup>.» Slik det går fram av illustrasjonen (konsesjonssøknaden s. 23) er det lite som minner om lokal byggeskikk i planlagt kraftstasjon. For å betre tilpassa seg lokal byggeskikk, burde ein vurdere å bryta opp volumet, då særskild takflata. I tillegg burde ein byta ut pannetak/steintak med torvtak.

Løysingar for kraftlinje vert omtala under overskrifta «nettilknytning» og går elles fram av vedlegg 1, 2 og 7. Det er vist jordkabel frå kraftstasjonen og fram til Risbrunå. Frå Risbrunå går linja i luftspenn parallelt med eksisterande høgspenlinje fram til Rødsåsen. Her vert luftlinja ført ned til tilknytingspunkt ved Tveit/Amdal. Slik det går fram av detaljkart (vedlegg 2, konsesjonssøknad), og i figur 4.5 i rapport av AMBIO (vedlegg 8, konsesjonssøknad) vil dette tilknytingspunktet liggje like ved Tveittunet, jfr. elles omtale av punkt 3.8.

Slik luftlinja er vist i kart, vil linja gå like over eller like ved fleire hytter i området. Dette vert ikkje problematisert eller diskutert i konsesjonssøknaden, jfr. påstand i samandraget: «Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt» (konsesjonssøknaden, s. 3).

Punkt 2.4 tek føre seg «Fordelar og ulemper ved tiltaket». Her er det lista opp fordelar og ulemper tiltaket kan tenkast å føra til. Det er vist lite forsøk på objektiv og verdinøytral framstilling av fakta. Verdiladde setningar, og avbøtande tiltak vert blanda saman, slik at det er uråd å vekta fordelar og ulemper opp mot ein annan. Under «Fordelar» går ein langt i å finne fram til moglege direkte og indirekte fordelar ei utbygging kan ha. Likeeins vert «Ulempene» tona ned. Døme på formuleringar:

- «Utbygginga gir en kraftproduksjon med svært få miljøulemper». Denne påstanden får stå åleine, utan grunngjeving, og utan å vise til dokumentasjon eller anna datagrunnlag. Påstanden er svært diskutabel, jfr. elles omtale av punkt 3.4 til 3.18.
- «Utbygginga vil gi økt aktivitet i område, primært i utbyggingsfasen». Det kan diskuterast i kva grad dette er ein fordel. Utbyggingsaktivitet kan vere positivt for lokale entreprenørar og for rettshavarar av fallrettar, medan det kan vere negativt for hyttenaboar, turfolket, turisme og for gardbrukarar med beiterettar i området.
- «Slepp av minstevassføring vil bøte på noko av konsekvensen av den reduserte vassføringa. I tillegg vil det i snøsmeltingstida i stor grad vera overlaup over inntaksdammen, og elva vil i den tida framstå som eit vesentleg landskapselement også etter utbygging.» Denne ulempen er tona kraftig ned, gjennom ordval og innblanding av avbøtande tiltak, slik at ulempen står fram som nærast uviktig. Dette samsvarar dårleg med AMBIO sin vurdering av tema minstevassføring i høve biologisk mangfald (vedlegg 8, s. 24), jfr. elles omtale av punkt 3.6.3 .

Under punkt 2.5 «Arealbruk og eigedomsforhold» følgjer ei oversikt over kva areal som går med til dei ulike inngrepa i tiltaket. Dette arealet må ein såleis sjå som tiltaksområde, tilsvarande planområde i ROS-analyser etter plan- og bygningslova.

Under punkt 2.5 går det òg fram eigedommar som vert påverka av inngrepa lista opp i tabellen over. Slik tiltaket er vist i kart, jfr. vedlegg 1 og 2, vert fleire eigedommar påverka av tiltaket.

### **3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn**

Punkt 3.3 ser på verknaden tiltaket får for grunnvatn, flaum og erosjon. Elva er vasskjelde for ei rekkje hytter og stølar i området på både sider av vassdraget. I konsesjonssøknaden vert det vist til at desse hentar vatn nedstraums kraftstasjonen, og at dei såleis ikkje vert påverka av fråføring av vatn frå elva på utbygd strekning (konsesjonssøknaden, s. 36), jfr. punkt 3.10 «Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser» (konsesjonssøknaden, s. 42).

Vasskvaliteten er i dag god, av di det er lite sedimenttransport i elva. Det vil vere viktig at denne kvaliteten ikkje vert ringare etter utbygging, og heller ikkje under utbygging. Å sikre vasskvaliteten under utbygging, med arbeid i og langs vassdraget kan verte ei utfordring. Dette vert ikkje problematisert eller diskutert i konsesjonssøknaden, jfr. påstand i samandraget: «Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt» (konsesjonssøknaden, s. 3).

Under punkt 3.4 «Biologisk mangfald» vert det kort gjort greie for metodikk i den vidare utgreiinga om verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Verdivurdering skal gjerast i tråd med OED sin rettleiing «Retningslinjer for små vannkraftverk». Omfang og konsekvens vil ein vurdere i tråd med «Håndbok 140 – Konsekvensanalyser» utgjeven av Statens vegvesen.

I dei vidare punkta 3.4 til 3.18 vert det så gjort ei vurdering av verdi, omfang og konsekvens. Dette er gjort utan å vise direkte til kjelder, og det kjem i liten grad fram kva som er datagrunnlag/registeringar/eksterne rapportar, og kva som er utbygger sine egne vurderingar. Metodikken, der ein viser til datagrunnlag før vurdering av verdi, omfang og konsekvens, er lite tydeleg.

Dette gjeld gjennomgåande frå punkt 3.4 til 3.18. Det vert vanskeleg å skilje fakta og vurderingar, og dette gjer framstillinga vanskeleg å etterprøve. Punkt 3.5 til 3.7.2 er allereie vurdert i eigen rapport av AMBIO (vedlegg 8), men utbygger skriv likevel egne punkt i konsesjonssøknaden der heile eller halve setningar vert kopiert frå denne rapporten, nokre gonger omskriven, og utan at det vert vist til kjelder. Metodikken i Håndbok 140, som det vert vist til i punkt 3.4, kjem ikkje tydeleg fram.

Under punkt 3.6.3 «Pattedyr, amfibier og krypdyr» vert verdien oppsummert for tema flora og fauna: Verdien vert sett til liten, og verknaden av utbygging tilsvarande «liten». Det vert konkludert med «ubetydeleg konsekvens». Etter Håndbok 140 skal ein vurdere omfang etter visse kriterium. I tillegg skal det for kvart miljø eller område «gis en begrunnelse for vurderingene som er gjort» (Håndbok 140, side 140). I konsesjonssøknaden er dette ikkje gjort. Det kjem heller ingen grunngjeving for vurdering av konsekvens før konklusjonen. Vidare verkar konklusjonen «ubetydeleg konsekvens» noko underleg, då det i rapporten til AMBIO (vedlegg 8) mellom anna vert vist til konsekvensar for biologisk mangfald ved redusert vassføring, og at minstevassføringa slik det er foreslått «neppe vil være nok til å opprettholde det naturmangfold som i dag er knyttet til vannstrengen» (vedlegg 8, side 24).

Under punkt 3.7 «Landskap» med underpunkt 3.7.1 «Landskapsmessige tilhøve» vert konsekvensane for landskapet vurdert – delvis på grunnlag av rapport utført av AMBIO (vedlegg 8), delvis på utbygger sine egne vurderingar. Det sistnemnde pregar tredje til femte avsnitt under punkt 3.7.1. Fjerde avsnitt vurderer konsekvensar for landskapet i driftsfasen. Dette gjeld mellom anna driftsvegen, jfr. punkt 2.4 «Fordelar og ulemper ved tiltaket». I anleggsfasen vert det etablert ein veg langs planlagt røytrase: «Dette vert ikkje ein permanent veg. Terrenget skal først attende til tilnærma opphavleg utsjånad med naturleg attgroing. Likevel slik at terrenget vert kjørbart med lett kjøretøy (t.d. ATV / snøskuter) opp til inntaksdammen.» (konsesjonssøknaden s. 25). I konsesjonssøknaden vert det vektlagt at anleggsvegen skal revegeterast med «naturleg attgroing». Som for røyrgata vil dette venteleg ta langt tid, då delar av denne vegen går i snaufjellet. Vidare skal vegen nyttast av ATV-køyrety i driftsfasen. Dette vil påverka den naturlege attgroinga i traseen, slik det òg går fram av konsesjonssøknaden: «Spor av kjøretøy kan bli synlige i terrenget». AMBIO skriv elles i rapporten sin at det går bilveg fram til fleire av hyttene i Nordstøldalen, «men ikke til de høyereliggende stølsområdene, som ligger over skoggrensen». Ein driftsveg til inntaksmagasinet i Grødalsvassdraget vil slik sett flytte grensa for motorisert ferdsel oppover, forbi tregrensa og over i snaufjellet. Dette vert i liten grad problematisert eller diskutert i konsesjonssøknaden, jfr. påstand i samandraget: «Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt» (konsesjonssøknaden, s. 3).

Punkt 3.8 tek føre seg kulturminne. Her vert det vist til at det ikkje er registrert SEFRAK-bygg i området, jfr. elles punkt 2.6 «Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar»: «Det er heller ikke funnet noen kulturminner som vil bli berørt av inngrepet» (konsesjonssøknaden, s. 30). Vidare, under punkt 3.8, kan ein lesa at «Ikke noko del av influensområdet er definert som

kulturlandskap». Det er ikkje vist til dokumentasjon på dette, og påstanden verkar underleg då det fleire stader i rapporten til AMBIO (vedlegg 8) vert vist til kulturlandskap i influensområdet. Heile området, frå tilknytingspunkt ved Amdal/Tveit, og opp til inntaksmagasinet, er/har vore nytta til beite og stølsdrift (t.d. Beintfram og Liastølen). Utover på 1900-talet vart området sleie og nytta som slåtteeing. Tuftene på Liastølen står framleis, og er slik kulturminne etter kulturminnelova § 2. Slik sett er det både kulturminne og kulturlandskap innanføre influensområdet. Desse er ikkje vurdert for verdi, omfang og konsekvens i konsesjonssøknaden.

Ved tilknytingspunktet på Amdal/Tveit ligg Tveittunet – eit gammalt klyngetun som er restaurert og som fungerer som museum. Tveittunet er ein av turistattraksjonane i Sauda, og vert elles nytta av skular og til ulike arrangement. Tunet og kulturlandskapet rundt med kydlestubar og edellauvskog vert påverka av tiltaket. Luftlinja kjem ned like ved eller like over taka på Tveittunet. Dette vert ikkje problematisert eller diskutert i konsesjonssøknaden, jfr. påstand i samandraget: «Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt» (konsesjonssøknaden, s. 3).

Punkt 3.11 «Brukarinteresser» tek føre seg tiltaksområdet som område for rekreasjon og friluftsliv. Dette er òg omtala i rapporten av AMBIO, der det kjem fram at delar av Nordstøldalen er vurdert som «et regionalt viktig friluftsområde», og at innanføre dette området ligg delar av Grødalsvassdraget (vedlegg 8, side 14). I konsesjonssøknaden vert det vidare vist til kommuneplanen for Sauda, der Nordstøldalen er markert som lokalt rekreasjonsområde. Likevel vert influensområdet for tiltaket i konsesjonssøknaden vurdert til å ha «liten verdi». Det vert forklart med at området «i nokon grad» vert nytta som friluftsområde lokalt. Det er ikkje vist til registreringar eller dokumentasjon for dette.

Vidare står det å lesa om planlagt røytrase at den i i anleggsfasen «i noko mon» vil påverka område for friluftsliv og rekreasjon, og det vert konkludert med at tiltaket – i driftsfasen – vil ha «liten negativ verdi» for brukarinteressene i området. For turfolket vil viktige føresetnader vere endra ved utbygging: Det vil vere vesentlege endringar i landskapet som følgje av nedgravd røyrgate med ATV-veg, jfr. omtale av landskapsmessige inngrep under punkt 3.7.1. Opplevinga knytt til vassdraget og kulturlandskapet vil vere vesentleg endra. Frå å vere eit landskap prega av kulturlandskap og landskap med urørt preg, vil landskapet vere prega av utbygging og maskinelt opparbeidd og omforma landskap. Dette går òg fram under punkt 3.7.2 i konsesjonssøknaden som omtalar INON-område. Her vert det vist til at INON (Inngrepsfrie naturområde) vert redusert. Det same kjem fram i rapport av AMBIO: «Inngrepsfrie sone 2 naturområder vil bli redusert med ca 2 km<sup>2</sup> som en følge av utbyggingen. Dette er såpass mye at virkningsomfanget vurderes til middels negativ» (vedlegg 8, side 23). Konklusjonen i konsesjonssøknaden om «liten negativ verdi» for friluftinteressene verkar såleis lite truverdig, og ein saknar ei betre grunngjeving for å underbygge konklusjonen.

Under punkt 3.18 «Samla belastning» vert tema friluftsliv òg nemnt. Der vert det vist til at nedre del av tiltaksområdet ligg i ytterkant av eit regionalt friluftsområde (FINK). FINK er eit prosjekt initiert av Rogaland fylkeskommune. Slik sett er øvre del av tiltaksområdet del av eit større INON-område, og nedre del av tiltaksområdet del av FINK-område. I konsesjonssøknaden verkar friluftinteressene i liten grad vere problematisert eller diskutert, jfr. påstand i samandraget: «Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt» (konsesjonssøknaden, s. 3).

I OED sine retningslinjer for små vasskraftverk vert det lagt vekt på metodikk: «Et felles

metodegrunnlag bidrar til å sikre konsistens i verdivurderingene som i vesentlig grad må bygge på faglig skjønn.» (retningslinjene, s. 5). Om verdivurderinga vert det sagt at «det enkelte fagtema bør baseres på etablert metode og foreliggende informasjon i baser, rapporter, oversikter i tillegg til lokalkunnskap om områdene».

Handbok 140 er utarbeidd av Statens vegvesen som rettleiar i konsekvensanalyser. Metodikken er i grove trekk slik: Definér nullalternativet, dvs alternativ utan utbygging. Vidare kjem ein omtale av datagrunnlag, registreringar m.m. for kvart fagtema. På grunnlag av dette vert det gjort ei verdisetting av miljø/delområde for kvart fagtema, så ei vurdering av omfang for miljø/delområde som er verdivurdert, og til slutt ei vurdering av konsekvens, t.d. etter konsekvensvifta (Håndbok 140, s.142). Alle vurderingar skal vere relatert til 0-alternativet.

Det er vanskeleg å finne denne metodikken gjennomført i konsesjonssøknaden. Dette er problematisk då dette er eit høyringsdokument. For dei fleste, både partar og høyringsinstansar er dette det første dokumentet ein får innsyn i, og såleis det første møtet med saka. Haugaland Kraft burde såleis i sin konsesjonssøknad lagt vinn på å opplyse saka så godt og så objektivt som mogleg.

Hovudintrykket ein sit att med etter å ha lese konsesjonssøknaden er ei konsekvent samanblanding av fakta og eigne vurderingar, noko som gjer teksten lite påliteleg. Det er vist til referansar og grunnlagsdata på side 46 i konsesjonssøknaden. Desse kunne i større grad vore nytta i teksten dersom/slik at dei underbyggjer påstandar som vert sett fram. Slik konsesjonssøknaden ligg føre, verkar saka ikkje godt nok opplyst, korkje med omsyn til framstilling av fakta, eller til medverknad/opplysing om prosjektet til partar og ulike interesser i området, jfr. påstand i samandraget: «Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt» (konsesjonssøknaden, s. 3).

Saudasjøen 09.03.2014

Kirsten Hellerdal Fosstveit  
arealplanleggar/arkitekt MNAL

---

Kjelder:

OED retningslinjer for småkraftverk 2007.

Statens vegvesen 2006. Konsekvensanalyser – Håndbok 140.